

Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar referanse

Vår referanse
24/1416 - 16

Dato
24.01.2025

Høyringsvar 20211117 - Detaljplan miljø og landskap - Illvatn pumpekraftverk

NVE har lagt Detaljplan for miljø og landskap- Illvatn pumpekraftverk ut på høyring med høyringsfrist 24.1.2025. Luster kommune har følgande merknader til planen:

Massedeponi:

I områda for massedeponi er det registrert fleire raudlista artar og naturtypar. Det er gjennomført naturkartlegging i 2024 på planlagde anleggsområde. Det vart funne fleire verdifulle naturtypar i form av fattige fjellheier, rabber og forskjellige typar snøleier (våtsnøleie, snøleieberg og snøleieblokkmark). Ved Fivlemyr er størstedelen av deponiområdet plassert utanfor dei mest verdifulle naturtypene, medan verdifulle naturtypar vert råka både ved Middalsnosi og Nørstedalen. Etableringa av deponi vil såleis øydeleggje desse lokalitetane. Arealbruken bør avgrensast så mykje det let seg gjere ved å etablere riggområde på same areal som deponi, og på allereie opparbeida områder. Hydro sin plan for å gjenskape terreng og mikroklima, samt for naturleg revegetering er gode avbøtande tiltak.

Hydro skriv at det skal utarbeidast ein aksjonsplan for biodiversitet og at dei vil nytte tunnelmassar og naturstein til å bygge opp snøleier og rabbar på deponiflatene. Etablering av snøleier og rabber i deponiområdene er positivt for å gjenskape variasjonar i terrenget, og for å forsøke å leggje til rette for varierte lokalklimatiske forhold og varierte vegetasjonssamfunn som liknar på eksisterande økologiske prosessar og funksjonar. Dei har og skildra korleis midlertidige vegar, rigg og mellomlager skal førast tilbake med stadeigne toppmassar og naturstein etter anleggsperioden. I tillegg skal Hydro sjå på moglegheiten til å samle inn stadeigne frø for utplanting.

Midlertidige helikopterlandingsplassar må tilbakeførast til opprinneleg tilstand etter bruk, med naudsynt bearbeiding for revegetering. Helikopterlandingsplassar bør så langt det let seg gjere opparbeidast på deponiområde, som allereie vert påverka av anlegget. Lukehus og andre installasjonar bør utformast slik at dei går mest mogleg i eitt med terrenget.

Forstyrringar i anleggsperioden:

Postadresse:	Telefon:	Kontonummer:	E-post:
Luster kommune	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142	post@luster.kommune.no
Postboks 77		Organisasjonsnummer:	Heimeside:
6866 Gaupne		964 968 241	luster.kommune.no

Utbygginga av Illvatnet kraftverk finn stad i eit høgfjellsområde med fleire sårbare naturtypar og artar, der spesielt villrein og hekkande rovfugl er sårbar til ulike tider av året. Anleggsperioden strekk seg frå vår 2025 til haust 2030. Det skal vere heilårsdrift av anlegget, men det vert avgrensa aktivitet utandørs medan det er snø. Vegen til Fivelmyr er vanlegvis open frå slutten av juni- november, og heilårsdrift medfører enten vinteropning av vegen, eller helikoptertransport av personell og utstyr til anlegget medan vegen er stengd, eller ein kombinasjon av desse.

Hydro skriv i kap. 3.4.11- om helikoptertransport at det er forventet mykje helikoptertransport i anleggsfasen for frakt av utstyr og personell. Det uklart kor mykje helikoptertrafikk det vert vinterstid, når vegen normalt er stengd, men dagleg trafikk er å vente. Mest trafikk er på vente mellom Øyane og Fivlemyr, og i kortare perioder til anleggsområde lenger opp i Nørstedalen (Middalsnosi, Illvatn og Nørstedalen). Desse periodane bør leggast utanfor den mest sårbare tida for villreinen. Endeleg detaljert plan for bruk av helikopter ligg ikkje føre, noko som gjer det vanskeleg å vurdere korleis det vil påverke naturmangfald. Ei skildring av kva støy som er forventet til kva tider i anleggsfase (tidsperioder for flyging, turar pr dag, type helikopter som nyttast, kva landingsplassar som nyttast i ulike periodar) er også av betydning for kva påverknad flyginga har for naturmangfaldet, og kva avbøtande tiltak ein kan gjere for å redusere den negative påverknaden.

Omsyn til rovfugl

Det er registrert ein art av særleg forvaltningsinteresse i anleggsområdet. I konsesjon er det vurdert at anleggsarbeidet kan gje noko negativ konsekvens for denne, ved at hekking uteblir i anleggsperioden. Den mest sårbare perioden for fuglen er mellom februar- august. Avgrensa trafikk i hekkeområdet i denne perioden eller at helikopter flyg i god avstand (500m) til hekkeområde kan avgrense påverknad, i praksis vil det medføre flyging på austsida av dalen. Landing bør unngåast i nærleiken av hekkeområdet.

Luster kommune oppmodar om å ta omsyn til hekkande rovfugl ved å leggje flygerute på austside av dalen, og elles avgrense forstyrringar best mogleg i den sårbare perioden.

Omsyn til villrein

Utbyggingsområdet ligg innanfor nasjonalt villreinområde Reinheimen- Breheimen, og har funksjon som sommararbeiteområde for villrein. Det er viktig at dyra har moglegheiter til å nytte området, og såleis unngå forstyrringar og inngrep som kan hindre dette.

Aust for Illvatnet er det eit trekkområde, som er i bruk heile året, men som kanskje er mest sårbart for forstyrring i april- mai når reinen trekk frå vinterbeite mot sumarbeite.

Trekkområdet vert truleg mest påverka av arbeid med inntak Illvatn og lukehus Illvatn, og trafikken som går føre seg dit i samband med dette. Transport til/frå Illvatn baserar seg på helikopter. Det vil vere gunstig å ikkje starte arbeidet her for tidleg på våren.

Det er gjeve villkår i konsesjon om forsterka villreinoppsyn i anleggsperioden, og Hydro skriv i punkt 4.3 at dei vil ha «jevnlige dialog med fjelloppsynet for å sikre tilstrekkelig hensyn til villrein i området. Ved behov vil Hydro se på mulighet for å gjennomføre tiltak i samarbeid med fjellstyret.» Dialog med kontaktperson i Luster Auste fjellstyre, kan bidra til å avgrense negativ påverknad.

Det er noko uklart korleis dette konkret skal gjennomførast, og kva som er aktuelle tiltak for å ivareta villrein i anleggsperioden, og også når eventuelle tiltak skal iversetjast. Kven skal avgjere når anleggsarbeid må settast på vent, eller omgjere flygeruter? Dette kan vere vanskelege avvegingar å gjere, og det bør vere klare rutinar for korleis det skal gjennomførast.

Hydro bør forsøke å avgrense forstyrringa så mykje som mogleg, og ha tydelege rutinar på kva ein gjer ved observasjon av villrein, mtp. avstand til dyr, opphald i arbeid osv. Luster kommune oppmodar Hydro om å ta til følgje innspel på detaljplanen frå Villreinnemda i Sogn og Fjordane og Reinheimen- Breheimen Villreinutval.

Avbøtande tiltak som må vurderast i samarbeid med villreininteressene:

- Varslingsrutiner ved observasjon av villrein
- Kriterier for midlertidig stans om det kjem villrein inn i område
- Definere ei avstandsgrense for når tiltak skal iversetjast. Er det synsavstand, 1 km, le/lo side?
- Holde avstand til villrein ved helikopterbruk- endre flygeruter om naudsynt, med mål om å halde minimumsavstand (1 km?) til villrein.
- Auka oppsyn i området

Med helsing

Ole Gunnar Krakhellen
stabsleiar

Marte Meland
rådgjever